



Arkivnr: 2015/293-8
Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Klagenemnda		19.10.2016

Klagesak.

Klage på vedtak - avvising av klage - Askøy kommune, Fv. 219 Gnr. 18 Bnr. 22

Samandrag

Saka gjeld klage over avvingsvedtak, grunngeve i at klaga er sett fram for seint. Statens vegvesen Region vest har den 03.03.2016 treft avgjerd om å avvise klage fordi den var fremma for seint. Avvingsvedtaket vart påklaga av Westplan AS v/ Johan Holm Andersen.

Statens vegvesen Region vest gav den 19.01.2016 avslag på søknad om godkjenning av ny avkøyrsløse frå Fv. 219 til Gnr. 18 Bnr. 22 i Askøy kommune.

Det er klaga på Statens vegvesen Region vest sitt vedtak av 03.03.2016, som vert handsama i denne saka. Vedtak av 03.03.2016 der klaga vart avvist, er eit enkeltvedtak som kan påklagast. Realiteten i saka, kva gjeld vurdering av avkøyrsløse, vert ikkje handsama her.

Klagesaka er sendt til Hordaland fylkeskommune då realiteten i saka er knytt til søknad om etablering av ny avkøyrsløse frå fylkesveg.

Statens vegvesen Region vest har vurdert klaga som underinstans og har funne å oppretthalda avgjerda om å avvise klaga frå vidare handsaming. Saka er sendt Hordaland fylkeskommune for endeleg avgjerd.

Forslag til vedtak

Klage frå Westplan AS over Statens vegvesen Region vest sitt vedtak av 03.03.2016 om å avvise klaga som innkomen etter klagefristen utløp, vert ikkje teken til følgje.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

1. Statens vegvesen Region vest, avslag på søknad om etablering av avkøyrsløse, Gnr. 18 Bnr. 22 i Askøy kommune, av 19.01.2016.
2. Westplan AS, klage på avslag om etablering av avkøyrsløse, av 24.02.2016.
3. Statens vegvesen Region vest, vedtak om avvisning av klage, av 03.03.2016
4. Westplan AS, klage på avvisingsvedtaket, av 17.03.2016.
5. Statens vegvesen Region vest, oversendingskriv av 13.04.2016.
6. Fylkesmannen i Hordaland, brev av 14.07.2016.

Fylkesrådmannen, 30.09.2016**Bakgrunn for saka:**

Statens vegvesen Region vest (heretter vegvesenet) har den 11.01.2016 motteke søknad om etablering av ny avkøyrsløse frå Fv. 219 til eigedomen Gnr. 18 Bnr. 22 i Askøy kommune. Vegvesenet fatta den 19.01.2016 avslag på søknaden. (Vedlegg 1) Vedlagt brevet om melding om avslag, var ei orientering om rett til å klage over forvaltningsvedtak. Avslaget vart påklaga av Westplan AS v/Johan Holm Andersen den 24.02.2016. Det gjekk innleiingsvis fram av klagen at: *«Vi viser til vedtak datert 19.01.2016. Grunnet utenlandsferie fikk vi ikke brevet hende før 06.02.2016 og vi anmoder derfor at klagen tas til behandling som innkommet innenfor klagefristen.»* (Vedlegg 2) Johan Holm Andersen i Westplan AS er ansvarleg søker.

Vegvesenet fatta den 03.03.2016 vedtak om å avvise klagen som motteke etter klagefristen utløp. Det vart vist til forvaltningslova § 29. Klagen vart avvist frå vidare sakshandsaming. (Vedlegg 3)

Avvisingsvedtaket vart påklaga av Westplan AS den 17.03.2016. (Vedlegg 4). Det vart bedt om at klagen måtte takast til handsaming.

Saka vart deretter ved (ein feil) sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg handsaming, den 13.04.2016. (Vedlegg 5). Fylkesmannen i Hordaland vart den 14.07.2016 merksame på at dei ikkje hadde kompetanse til å handsame denne klagen, då realiteten i saka gjaldt ei avkøyrsløse frå fylkesveg. Saksdokumenta vart sendt Hordaland fylkeskommune som rett instans etter veglova § 11. Dei sa seg leie for at det hadde teke så lang tid før saka vart sendt til rett instans, og bad om at saka vart prioritert. (Vedlegg 6).

Fv. 219 i Askøy kommune starter ved Ravnanger sentrum og går vestover mot Hanøytangen og Ramsøy.

Det å avvise ein klage som framsett for seint, er eit enkeltvedtak som kan påklagast etter reglane i forvaltningslova § 28 Jfr. § 2 1. ledd b og 3. ledd.

Rettsleg grunnlag:

Det går fram av forvaltningslova § 2 3. ledd at:

«Som enkeltvedtak reknes også avgjørelser som gjelder avvising av en sak eller bruk av særlige tvangsmidler for å få gjennomført et vedtak.»

Forvaltningslova § 28 1. ledd seier:

«Enkeltvedtak kan påklages av en part eller annen med rettslig klageinteresse i saken til det forvaltningsorgan (klageinstansen) som er nærmest overordnet det forvaltningsorgan som har truffet vedtaket (underinstansen)».

Det går fram av forvaltningslova § 29 1. ledd:

«Fristen for å klage er 3 uker fra det tidspunkt underretning om vedtaket er kommet frem til vedkommende part. Skjer underretningen ved offentlig kunngjøring, begynner klagefristen å løpe fra den dag vedtaket første gang ble kunngjort.»

Forvaltningslova § 30 1. ledd 1. setning seier:

«For at klage skal være fremsatt i tide, er det nok at erklæringen før utløpet av fristen er avgitt til postoperatør som skal sørge for å få sendingen frem til forvaltningsorganet eller til offentlig tjenestemann som har fullmakt til å ta imot erklæringen.»

Forvaltningslova § 31 1. ledd lyder:

«*Selv om klageren har oversittet klagefristen, kan klagen tas under behandling såfram*

- a) *parten eller hans fullmektig ikke kan lastes for å ha oversittet fristen eller for å ha drøyd med å klage etterpå, eller*
- b) *det av særlige grunner er rimelig at klagen blir prøvd.»*

Klagen:

Klagen lyder slik:

«*Vi har mottatt deres avvisning av vår klage på vedtak av 19.01.2016. Avvisningen er begrunnet med at klagen ikke var fremsatt innen klagefristens utløp.*

Forvaltningslovens (§ 29) definerer helt klart at klagefristen løper fra den dag underretning om vedtaket er kommet frem til vedkommende part. For vårt vedkommende var dette 2. februar og lovfestet klagefrist blir da 3 uker fra den datoen.

Deres påstand om at klagefristen i dette tilfelle bare er en uke fra vi mottok underretning vil vi hevde er i strid med forvaltningsloven og vi ber med dette om at vedtaket om avvisning omgjøres og at vår klage av 19.01.2016 tas til behandling.»

Statens vegvesen Region vest si vurdering

Statens vegvesen meiner dei har motteke klage på vedtaket etter at klagefristen var gått ut. Dei har forståing for at folk er på ferie, men ser føre seg at firma som driv med planarbeid har innarbeid rutinar som gjer at dei kan vere oppdatert på saksgangen i dei sakene dei er involverte i. Vegvesenet meiner det er stadfesta at vedkommande var orientert om deira vedtak ei tid før klagefristen gjekk ut. Det var då mogeleg å sende ein kort informasjon til dei om at det ville bli sendt inn ein klage. Vegvesenet skriv at dei ikkje har motteke slik informasjon.

Vegvesenet skriv at slik dei forstår orientering frå Johan Holm Andersen i Westplan AS, var han ferie i utlandet då avslaget var sendt ut. Vegvesenet skriv deretter at han likevel var tilbake og vart klar over avslaget den 06.02.2016. Då var det enno noko tid att av klagefristen. Vegvesenet skriv at dei i dette tidsrommet ikkje vart orientert om at Westplan AS ville klage på vedtaket. Dei mottok klage på vedtaket den 24.02.2016, etter at klagefristen var gått ut. Dei viser til forvaltningslova § 29. I deira brev av 03.03.2016 har vegvesenet orientert søkjar om korleis dei oppfattar situasjonen og at dei kom til å avvise handsaminga av klaga.

Fylkesrådmannen si vurdering:

Klagar hevdar i sin klage at forvaltningslova § 29 definerer heilt klart at klagefristen går frå den dag underretning om vedtaket er komen fram til vedkommande part. For deira vedkommande var det den 2. februar. Klagar hevdar at klagefristen vert 3 veker frå denne datoen.

Det går fram av forvaltningslova § 29 1. ledd at klagefristen er 3 veker frå det tidspunkt underretning om vedtaket er komen fram til vedkommande part. Vedtaket er gjort den 19.01.2016. Dersom ein reknar ein dag eller to til postgang, er det pårekeleg at avslaget/*underretning om vedtaket* vart motteken av Westplan AS onsdag den 20.01.2016 eller torsdag den 21.01.2016. Klagefristen er då tre veker frå den 21.01.2016. Det går fram av forvaltningslova § 30 1. ledd, at for at ei klage skal vere sett fram i tide, er det nok at erklæringa før utløpet av fristen er sendt/*avgitt til postoperatør som skal sørge for å få sendingen frem til forvaltningsorganet eller til offentlig tjenestemann*. Slik Fylkesrådmannen vurderer det, burde klaga her vore sendt seinast torsdag den 11.02.2016 for at den skulle vore sett fram i tide. I denne saka vart klaga sendt den 24.02.2016, altså nesten to veker etter klagefristens utløp.

Det går fram av opplysningane i saka at klagar var på utanlandsferie i den tida vedtaket vart sendt ut. Fylkesrådmannen vurderer det slik at sjølv om klagar var på utanlandsferie i denne perioden, hadde klagar eller hans kollegaer mogelegheit til å kontakta vegvesenet for å orientere seg om saksgangen og evt. sende førespurnad om utsetting av klagefrist.

Klagar hevdar deretter at vegvesenet sin påstand om at klagefristen i dette tilfellet berre var ei veke frå dei mottok underretning, er i strid med forvaltningslova. Fylkesrådmannen vil gjere merksam på at det går fram av brev av 24.02.2016 frå klagar, at dei fekk vedtaket i hende den 06.02.2016. (I brev av 17.03.2016 frå søkjar går det fram at dei fekk vedtaket den 02.02.2016.) Dei hadde då mogelegheit til å sende inn ei klage og likevel vere innanfor klagefristen, seinast den 11.02.2016. Klagefristen starta frå den 21.01.2016. Ein konstaterer at dette ikkje vart gjort. Fylkesrådmannen finn her at klaga er komen inn etter klagefristens utløp.

Det går fram av forvaltningslova § 31 1. ledd at: «*Selv om klageren har oversittet klagefristen, kan klagen tas under behandling såfram*

- a) *parten eller hans fullmektig ikke kan lastes for å ha oversittet fristen eller for å ha drøyd med å klage etterpå, eller*
- b) *det av særlige grunner rimelig at klagen blir prøvd.»*

Ifølge juridisk teori og rettspraksis, skal det mykje til før regelen i § 31 kan brukast. Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at regelen i forvaltningslova § 31 kjem til anvendelse i denne saka, og fylkesrådmannen finn difor at klaga av 24.02.2016 er komen inn etter klagefristens utløp.

Fylkesrådmannen rår etter dette til at klage frå Westplan AS v/Johan Holm Andersen på Statens vegvesen Region vest sitt vedtak av 03.03.2016, om å avvise klage som innkomen etter klagefristens utløp Jfr. forvaltningslova § 29, ikkje vert teken til følgje.